



Olaf Agnar Gausvik,

**Det hender så mangt no for tida
I bygda og verda den vida.
Det som skjer her lokalt finn du alltid fortalt
om du går inn på Uskedals-sida**

Einebustader på Eiklandet



Det gamle trelastlageret på Eiklandet blir erstatta av einebustadar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Eit nytt bustadprosjekt er no på tur i Uskedalen. Det gamle trelastlageret på Eiklandet, som er seld til Uskedalen Eigedomsutvikling (Arild Lillenes), blir erstatta av seks til åtte frittliggande einebustader på to til tre etasjer.

Byggestarten skal skje til vinteren, fortel Arild Lillenes til Kvinnheringen. Teiknearbeidet er no i gang og deretter skal kommunen søkjast om byggjeløyve.

Det har alt meldt seg interessantar til husa.

[Første melding i uskedalen.no](#)

Slik rimar uskedaling og glitrande skrivekar Olaf Agnar Gausvik når vi ber han om ei strofe ved 5-årsmarkeringa til uskedalen.no

For i går var det eksakt 5 år sidan nettavisa for denne framifrå bygda kom "på liufta".

Det skjedde med den 7 liner lange notisen som er attgjeve her og som til og med er henta frå Kvinnheringen. Prosjektet som er omtala er forresten framleis ikkje realisert, men det er ein annan sak.

Her og nå skal vi berre konstatere at det har vorte nokre meldingar. Nokon eksakt statistikk har vi ikkje, men vi har hatt som mål å halda ein gjennomsnittleg produksjon på 4 meldingar om dagen. Det meiner vi å ha klart og dermed blir summen rundt regna 7000 meldingar. Og det er på sin plass å streka under kva som også har vore eit prinsipp: Nettavisa for Uskedalen skal utelukkande ha stoff frå Uskedalen.

Vi er glad for også å ha innfridd dette. Det har ikkje vore mange overtramp i så måte.

Dette er ikkje noko stort jubileum, men mange bør takkast. Først bør vi takka dei mange som har bidratt journalistisk og teknisk for å få nettavisa på lufta. Likeeins dei mange som gjennom åra har tipsa oss om saker. Utan dei hadde vi ikkje eksistert.


Men framfor alt bør vi takka lesarane, som er å finna i mange delar av fedrelandet og også i mange land. I utlandet leiar USA kvar dag på statistikken, noko som fortel at ein uskedaling er ein verdsborgar.

Seinast sist natt fekk vi denne meldinga:

” Vil bare melde frå om at det er observert ein uskedøl her i Athen, skal vera ein kjent politiker. Viser bare at vi er overalt, men det er fortsatt plass til fleire.”

Jau, det er plass til fleire, både uskedalingar og stoff om dei på denne sida!

Ola Matti Mathisen, redaktør



Redaktøren på sin første arbeidsdag for uskedalen.no (Foto. Grenda)